



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Thor Ullebø
Ullebø
6996 VADHEIM

Vår dato: **16 MAI 2012**
Vår ref.: NVE 201103377-6 kv/jfj
Arkiv: 315
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Jakob Fjellanger

Angående revisjon av vilkår for ervervskonsesjon for Dyrneslivassdraget

Det visast til dykkar brev av 16.4.2012 der de gir ytterlegare informasjon om rettane og inngrepa i Dyrneslivassdraget. Det visast og til NVE sitt avslag på krav om revisjon av 24.11.2011, fordi det ikkje ligg føre ein konsesjon med vilkår knytt til korleis vassdraget utnyttast..

NVE kan ikkje sjå at opplysningane i dykkar brev av 16.4.2012 gjer at vi må vurdere kravet om revisjon av konsesjonsvilkår annleis enn gjort i brev av 24.11.2011.

Etter NVE si vurdering er det heller ikkje lagt fram opplysningar om sterke miljømessige omsyn som gjer at det er aktuelt å krevje at AS Vadheim Elektrochemiske Fabriker skal søke om konsesjon, jf. vassressurslovas § 66, 3. stykket.

Elles kan nemnast at AS Vadheim Electrochemiske Fabriker har lagt fram for NVE kopi av udatert erklæring om utdyping av kanalen mellom Bøvatn og Tjørna. Erklæringa synast å være underteikna av Inger Ullebø, Einar Ullebø, Thor Ullebø og Rune Ullebø, og i tilknytning til namna står G.nr. 34 b.nr. 1, 2, 3 og 4. Vidare er det lagt fram kopi av kontrakt mellom AS Vadheim Electrochemiske Fabriker og Einar Ullebø, datert 23.1.1987, om utdyping, oppdemming og regulering av det som står omtalt som "vandene ved Ullebø".

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG


Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



I tilfelle de meiner at AS Vadheim Electrochemiske Fabrikker har gått utanfor kva dei har rett til etter desse dokumenta, eller etter andre avtalar inngått mellom partane, så er det ein privatrettsleg sak som eventuelt må bringast inn for domstolane.

Med helsing


Carsten Stig Jensen
seksjonssjef


Jakob Fjellanger
senioringeniør

Kopi: Vadheim Elektrochemiske Fabriker, 6996 Vadheim
 NVE, Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde